

Kva skal vi med framandspråka?

Stadig færre ungdomsskuleelevar vel å lære framandspråka tysk, fransk og spansk. Kunnskapsdepartementet kan gjere vondt verre.



SIGURD ARNEKLEIV
BÆKKELUND
sigurd@dagogtid.no

Kommentar

Kvart år samlar Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa (Framandspråksenteret) tal over stoda for framandspråka ved norske skular og universitet. Dei oppdaterte tala kom den 9. januar – og stadfestar at framandspråka (minus engelsk) er i tilbakegang.

Aldri har færre ungdomsskuleelevar valt tysk: 20,7 prosent. Og for første gong er det under 10 prosent som vel fransk. Talet på skular som tilbyr språket, er òg på veg ned. I dag er franskundervisning først og fremst eit byfenomen. Sjølv spansk, som dei siste åra har vore valfaget til nesten 40 prosent av norske elevar, er på veg nedover for første gong på mange år.

LÆRARFALLET

Grunnen til at alle framandspråka går tilbake, er at stadig fleire elevar vel det såkalla arbeidslivsfaget, der elevane får erfaring med praktisk arbeid. Det er ikkje noko gale med faget i seg sjølv, men Kunnskapsdepartementet har varsla at dei kan kome til å prioritere dette over framandspråk: «Opplæringa i fremmedspråk (tar) både tid og kapasitet fra andre fag elevene har lyst til», heitte det i ei stortingmelding om ungdomsskulen hausten 2024 – og i staden for obligatorisk framandspråk ville departementet vurdere å påby skulane å tilby arbeidslivsfaget i staden.

Problemet er at mindre språkundervisning i ungdomsskulen òg gir dårlegare undervisning på sikt. Dess færre kunnskapskapar elevar har i framandspråk når dei byrjar på studieførebuande (der framandspråk er obligatorisk), dess dårlegare blir undervisninga der. Det vil få konsekvensar på sikt, også i høgare utdanning og arbeidslivet. På universiteta

er mange språkstadium under press. Mindre språkfag – polsk, nederlandsk, portugisisk – er ikkje lenger eigne studieretningar i Noreg.

Men også dei klassiske språkfaga slit tungt: Då Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse skulle kartlegge den samla kompetansen blant norske lektor- og lærarstudentar for eit år sidan, fann dei ut at det blei utdanna berre ni lektorar med tysk som integrert del av fagkrinsen i 2023. Talet for fransk var fire. Ingen i spansk.

Med færre til å undervise i framandspråk blir det òg utdanna færre språklærarar på sikt, og dermed færre til å rekruttere nye studentar.

DEN MJUKE BEREDSKAPEN

Kva så? Nordmenn er nest best i verda i engelsk, synte ei internasjonal undersøking i fjor – og engelsk blir stadig meir dominerande som kommunikasjonsspråk på universitet og arbeidsplassar, også i land der engelsk ikkje er offisielt språk.

Tja. Det manglar ikkje akkurat døme på at Noreg har heilt konkret bruk for framandspråk. Elementære språkkunnskaps- og små språk, har vore viktig for tryggleik og beredskap i uforsette krisesituasjonar. Førre gong det var krig i Europa, under Balkan-krigane på 1990-talet, blei tidlegare studentar ved serbokroatisk ved Universitetet i Oslo viktige for å sikre at Utanriksdepartementet og andre offentlege organ hadde god områdekunnskapskapar. Sidan den gongen har Universitetet i Oslo lagt ned bachelorprogrammet i serbokroatisk.

Motsett var manglande språkkunnskapskapar eit viktig praktisk problem då norske soldatar blei sende til Afghanistan i 2001. Diplomatar og offiserar var ute av stand til å bruke enkle frasar for å kommunisere med lokalbefolkninga, og det var få lærarar og ressursar ved norske universitet til å bøte på det. Kurs i grunnleg-

gande dhari og pasjto fekk Forsvarets skule først i stand i 2007, seks år etter dei første norske soldatane blei sende ut i krigen.

På same måte var russiskkunnskapane til stor hjelp då over 35.000 ukrainarar flykta til Noreg i 2022. Tilsette på asylmottak og i politiet med slaviskkunnskapskapar kunne lett stille enkle spørsmål

I dag er franskundervisning først og fremst eit byfenomen.

eller vidareformidle enkle meldingar. Men også russisk, som tidlegare blei undervist ved eit titals norske skular, er no på heilt veg ut av norsk skule, syner tala publiserte den 9. januar.

FESTTALEN

Svakare språkkunnskapskapar er òg i strid med målsettingane til regjeringa. Då president Emmanuel Macron besøkte Noreg i juni i fjor, undertekna statsminister Jonas Gahr Støre ein avtale om strategisk samarbeid, også innan kultur- og utdanning – noko som krev språkkompetanse. I regjeringa sin tysklandsstrategi, som blei publisert i 2024, fastslo Utanriksdepartementet at det var behov for større tysk kunnskapskapar. Eller, for å sitere kunnskaps- og høgare utdanningsminister Sigrun Aasland då ho var med på å dele ut Willy Brandt-prisen 6. januar:

– Tyskland er Noregs viktigaste allierte i Nato og vår nærmaste partner i EU (...) Vi må inspirere fleire norske unge til å lære seg tysk og oppsøke og studere i Tyskland.

Ho kan byrje med å ta seg sjølv på alvor og få Kunnskapsdepartementet til å styrke posisjonen til språkfaga i utdanningssystemet.

Sigurd Arnekleiv Bækkelund er journalist i Dag og Tid.